



Bjerkreim kommune
Landbruk, miljø og teknikk
Landbruk

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdepartementet	
14/536	
Mottatt: 20.10.2014	
LP/SJ	548.4
FORLAG	ALBERT

Vår saksbehandler:	Deres ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Deres dato:	Vår dato:
Svein Olav Tengesdal		J.p. 14/9418	FA-V13, FA-V14,		20.10.2014
Telefon: 51 20 11 73		Sak 14/567	TI-&13		
E-post: svein-olav.tengesdal@bjerkreim.kommune.no					

Uttale til høring av ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket frå Bjerkreim Kommune

På generell basis meiner Bjerkreim Kommune at ein så langt som mulig må lage eit regelverk som er lett å forstå og handhevja når ein først skal lage ei ny forskrift om produksjonstilskott.

Basisen må vera at forskrifta og intensjonen med forskrifta skal vera lett å forstå for bonden, som faktisk er den forskrifta skal retta seg mot, og lett å praktisere for forvaltningen. Jo meir skjønnsutøvelse eit regelverk legger opp til, jo større byråkrati bygger ein opp for å sikre lik skjønnsutøvelse over heile landet og ikkje minst byråkrati for å kontrollera at skjønnsutøvelsen er rett. Det er dette som har skapt frustrasjon i forvaltninga og blant bønder etter at dagens forskrift om produksjonstilskott såg dagens lys i 2002. Intensjonen var sikkert god med å skape handlingsrom, men den skapte også mye byråkrati for å vurdera kva som var innafor handlingsrommet og kva som var utafor. Me tenkjer spesielt på dette med driftsfellesskap, det er vår påstand at det er brukt enormt mye menneskelige ressursar, både hjå kommunar, fylkesmanne, landbruksdirektoratet og i landbruksdepartementet, på skjønnsutøvelse innafor temaet driftsfellesskap. I tillegg må det være utrolig vanskelig for bonden å forholde seg til dette, der gjerne kommunen sier ting er ok, fylkesmannens sier nei og landbruksdirektoratet ja. Denne type skjønnsutøvelse bør den nye forskrifta styre unna, slik at regelverket framstår som enkelt og forutsigbart.

Kommentar til dei ulike områda:

2 – grunnvilkår

I departementets forslag til ny forskrift ynskjer ein å ta vekk kravet om tilknytting til landbrukseigdom, og vil i realiteten gje alle foretak som er registrert i

einingsregisteret og har vanlig jordbruksproduksjon rett på tilskott, utan at ein har definert kva vanlig landbruksproduksjon er for noe.

Bjerkreim kommune er som nevnt innledningsvis oppteken av å få ein så enkel forskrift som mulig sett i frå både forvaltningen og bondens ståstad, og meiner primært at ein bør behalde kravet om tilknytting til landbrukseigedom og heller gje Fylkesmannen moglegheit til å gje dispensasjon for foretak som ikkje har tilknytning til landbrukseigedom.

Alternativt bør ein i rundskriv definere kva ein meiner med vanlig jordbruksproduksjon, men da skaper ein meir byråkrati og mindre forutsigbarhet for bonden. Vårt spørsmål vil vera om til dømes 5 garasjesauer i eit bustadfelt vil ligge innafor vanlig jordbruksproduksjon. Dei vil dersom dei slaktar meir enn 3 lam ha rett på tilskott, så framt dei er registrerte i einingsregisteret. Ved å behalda kravet om landbrukseigedom som grunnvilkår vil ein unngå denne type problemstillingar. I kravet om å drive vanleg jordbruksproduksjon blir det heller ikkje sagt noko om tilskot til drift med industrielt preg. Så lenge det er eit krav til å drive «vanlig jordbruksproduksjon», må det også vurderast om tilskottet også skal avgrensas mot industriell drift, og kva som i så tilfelle blir oppfatta som industriell drift.

3 – driftsfellesskap

Det er lite som har vore gjenstand for så mye frustrasjon og ressursbruk i landbruksforvaltninga som driftsfellesskapsbestemmelsen i dagens forskrift om produksjonstilskott. I prinsippet burde jordbruksproduksjonen på kvar landbrukseigedom gitt grunnlag for ein søknad om produksjonstilskott, og heller gitt dispensasjonsmoglegheit for at fleire foretak på same landbrukseigdommen kunne søkja om produksjonstilskott. På denne måten ville ein fått eit betydelig enklare regelverk og ikkje minst handheving av regelverket, og ikkje minst dei som fekk dispensasjon ville fått ein god forutsigbarhet for sin drift. Slik situasjonen er i dag, og som den nye forskriften vil eskalere, vil ein leve i ein kontinuerlig usikkerhet om ein ligger innafor eller utafør regelverket.

Bjerkreim Kommune vil sterkt frarå å fjerne regelen om felles eigarinteresser og meiner heller ikkje at dette utgjer ei forenkling av regelverket. Vårt syn er at det snarare gir ei auka byråkratisering av forvaltninga av regelverket og det er det ingen som er tent med.

Å ta felles eigarinteresser inn som ein del av driftsfellesskapsvurderinga, vil medføre betydelig større usikkerhet for søkjaren om kva som er greitt etter regelverket. Det er også sannsynlig at ein del bønder vil oppfatte dette som eit frislipp for å opprette fleire foretak gjennom AS, utan tanke på den store risikoen for å komme i konflikt med regelen om driftsfellesskap. Dette vil, som nevnt tidlegare gje forvaltninga på alle ledd, betydelig meirarbeid i og med at driftsfellesskapsbestemmelsen er den mest vanskelige og tidkrevjande delen av regelverket å forvalte. Me trur også med å aktivt «legge til rette» for slik tilskottsspekulasjon frå departementets side undergraver den legitimiteten for tilskottssystemet.

Det må også takast med at andelen aksjeselskap er aukande. Ei fjerning av regelen om felles eigarinteresser kan skyte fart i denne utviklinga. Ei fjerning av krav om tilknytting til landbrukseigedom, vil og kunne bidra til oppretting av fleire aksjeselskap. Auke i tal aksjeselskap vil gjere det vanskelegare for forvaltninga å halde oversikt over føretaka og talet driftsfellesskapsvurderingar vil kunne auke

monaleg. Saman vil desse to endringane også kunne føre til ein endring vekk frå det tradisjonelle landbruket.

Departementets døme nedst på side 13 i høyringsutkastet, der ein problematiserer det at ein bonde vil drive med både konvensjonell og økologisk sau er ei svært søkt problemstilling. Bjerkreim Kommune meiner slike spesifikke saker bør løses med dispensasjonar, fordi dette vil gjelde svært få foretak, framfor å endre eit heilt regelverk og skape betydelig meir byråkrati i handtering av dei store gruppene med tilskottssøkjara.

Bjerkreim Kommune meiner også at tiden er overmoden for klarare retningslinjer når det gjeld driftsfellesskap. Det må vera mogleg å setja opp nokre absolutte grenser for kva som heilt klart er å rekne for driftsfellesskap. Skal kommunane greie å gjera betre og ikkje minst fleire driftsfellesskapsvurderingar må regelverket eller retningslinjene vera klarare og ikkje så vage som dette høyringsnotatet legg opp til. Bjerkreim Kommune har i mange år og i mange samanhenger etterlyst meir konkretisering på dette området, og har ein spurt fylkesmann, landbruksdirektorat eller departement om konkrete spørsmål, kjem det vage svar tilbake. Dette gjør at kommunane kvier seg for å gå tungt inn i driftsfellesskapsvurderingar. Og ikkje minst bøndene, som regelverket retter seg mot, etterspør klare svar på kva som er innafor og utafor regelverket.

LMD skriver i høyringsutkastet at det sjeldan eller aldri vil vere grunnlag for å konstatere god tro i driftsfellesskapssaker og viser til at det er snakk om sjølvstendig næringsdrivende. Vår erfaring er at søkjarane tek kontakt med oss når dei starter opp sin virksomhet og avklarar så godt som mogleg kva som er innafor regelverket om driftsfellesskap. Så endrer drifta seg, og ikkje minst regelverket, eller rettere sagt forvaltninga sin praktisering av regelverket utan at søkjaren tenker over dette. På denne måten vil søkjar drive vidare i god tro. Det er vår klare oppfatning at departementet legger alt for stor vekt på at søkjar er sjølvstendig næringsdrivende og skal ha ein inngående kjennskap til alle endringar i regelverket. Det bør være kjent at søkjarane er virksomheter som spriker enormt i produksjonsstørrelse og dette vil speile kor godt dei ulike søkjarane er klarer å følgje med i endringane i regelverket. Og nettopp derfor har me i heile høyringsuttalen vår vore oppteken av å gjera regelverket konkret og enkelt å forholde seg til. Bonden er jo primært oppteken av å produsera mat !

Bjerkreim Kommune meiner også det er dobbeltkommunikasjon i høyringsnotatet når det gjeld reaksjon ved stadfesting av driftsfellesskap . For å gjera regelverket meir fleksibelt, blir det foreslått at søkjarane kan søkja samla om tilskot, men at samla søknad skal avkortast. LMD skriver at det sjeldan vil vera grunnlag for å avkorta mindre enn 100 %, og dermed er det ingen reell endring i høve til dagens regelverk. Dette burde også med all tydeligheit vise at ein treng eit klart regelverk.

4 Tilskottsordningane

Til punkt 4.2 – tilskot til husdyr

Vilkåra for beitetilskott er foreslått flytta frå jordbruksavtalen til forskrifta, og kravet om foropptak og tal veker på beite vert videreført.

Bjerkreim Kommune tok på forsommeren 2013 til orde for å endre tal veker på beite i sone 1 – 4 frå dagens 16 veker til 12 veker, subsidiært 14 veker. Bakgrunnen for dette forslaget er at det ut i frå eit agronomisk og miljømessig synspunkt kan vera rett å redusera kravet til tal veker på beite i gruppe 1 – 4, i tillegg til at det vil utgjera ei monaleg forenkling når tal beiteveker er likt i heile landet.

Det er heilt sikkert kjent hjå departementet, at tilveksten av beitegras avtek monaleg utover hausten og at ein reint agronomisk vil ha vansker med å ha nok tilvekst på beitene i slutten av august og starten av september til å stetta kravet om at hovuddelen av grovforopptaket til dyra skal skje ved beiting. Dersom ein har beiteslipp rundt 20 mai, må ein ha dyra ute til om lag 15 september for å klara kravet om 16 vekers beitetid. Dette problemet gjelder først og fremst hjå mjølkekyr, men også innafor intensivt sauehald kan dyra vera slakta før dei har fått 16 vekers beitetid. Og det er frustrerande før ein del bønder i sone 1 – 4 at dei med til dømes 14 vekers beitetid går glipp av store beitetilskott, sjølv om dei faktisk pleier kulturlandskapet vesentlig og henter store avlinger frå beitene.

Miljømessig vil ein også ha større risiko for avrenning utover hausten med meir nedbør, som gir større trakkskader av storfe med påfølgende avrenning av næringsstoffer til bekker og vassdrag. Dette bør også tale for at kravet til beitetid vert redusert frå dagens 16 veker til 12 veker, subsidiært 14 veker.

I årets jordbruksavtale vart det innført eit krav om at mjølke- eller ammekyr måtte ha kalva i løpet av dei siste 15 månadene for å kunne defineres som mjølke- eller ammekyr. Bjerkreim Kommune meiner at 15 månadars regelen åpenbart vil kunne ramme ordinær drift der til dømes høgtytande kyr, vil kunne ha lenger kalvingsintervall enn 15 månader. Dette fordi det vanligvis vil gå lenger tid før slike kyr viser brunst, på grunn av energimessig underbalanse, og følgelig vil få lenger kalvingsintervall. Bjerkreim Kommune foreslår at kalvingsintervallet endres til 18 månader, som vil innbefatte alle ordinære driftsopplegg og gje mindre behov for kontroll.

Til punkt 4.3 – tilskott til jordbruksareal.

Bjerkreim Kommune tykkjer at det er positivt at det i forslaget er presisert at enkelte teigar kan reknast som ikkje tilskotsberettiga.

Bjerkreim Kommune meiner det er rett å inkludera kravet til gjødselplan og sprøytejournal i forskrift om produksjonstilskott, men meiner samtidig at det er ein svært streng reaksjon å avslå alt tilskott til jordbruksareal dersom ein til dømes mangler eller har ein mangelfull sprøytejournal. Ein bør videreføra det skjematiske trekket.

Ny § 4 tredje ledd nr. 2 seier at foretak ikkje skal gjera inngrep som øydelegg kulturlandskapet, med mindre det er gitt særskilt godkjenning etter anna regelverk.

Innafor område som fjerning av steingardar, åkerholmer, rydningsrøyser, gamle ferdselsårer, oppgjødsling av utmark med mineralgjødsel, mindre inngrep i og ved vassdrag er det svært uklart kva regelverk som gjeld.

Ein meiner difor at forskrifta bør opna for at kommunen kan gje dispensasjon i slike saker, slik ein allereie har praktisert i eksisterande forskrift. På denne måten kan ein få ein reell sakshandsaming av slike saker som elles kan falle mellom mange stoler.

Til punkt 4.5 – tilskot til ferie og fritid.

Tilskottet skal nå bare utbetales til søkjar, og arbeid utført av personer som har næringsinntekt av foretaket gir ikkje rett på tilskott. Dette vil ramme samdrifter og Bjerkreim Kommune ser heller ikkje prinsipielle problemer med at søkjar ynskjer å delegere utbetalinga av avløysartilskott til avløysarlaget.

Når det gjeld avløysartilskottet til samdrifter må departementet finne ei løysning på dette. Noko av hensikta med samdrifter er å gje grunnlag for meir ferie og fritid for deltakarane ved å dele på arbeidet. At dette ikkje skal gje rett på avløysartilskott, vert dermed ein uheldig konsekvens av dei nye reglane. Bjerkreim Kommune meiner det fortsatt bør gis unnatak for samdrifter på dette området.

Når det gjeld omlegginga elles, vil me peike på at det kan skape meir byråkrati å få god nok dokumentasjon på at kjøp av tenester faktisk dreier seg om tenester knytt til foretakets husdyrdrift. Ein kan lett komme i ein situasjon der ein bonde får rekning på ordinært maskinarbeid som avløysarutgifter. Forvaltninga må dermed granske kvart enkelt bilag, og foreta ei sannsynlegheitsvurdering for å finne ut om utgiften dreier seg om tenester i samband med husdyrdrifta.

Me vil også gje utrykk for ei betydelig bekymring for at denne omlegginga vil redusere rekrutteringa av avløysara og sikring av rettigheter for avløysarane dersom denne omlegginga etter alle solemerker vil føre til mindre avløyning via avløysarlaga. Ordninga med avløyning er bygd opp over tid og er svært viktig for å skaffe dyktige og kompetente avløysarar, både til ferie og fritid, men ikkje minst dersom bonden vert sjuk.

Det er også eit poeng at det i dag er etablert eit godt system for dokumentasjon av avløysarutgifter via avløysarlaga, og at den føreslegne endringa vil bidra til meir manuell kontroll av utgiftene. Dagens ordning sparer forvaltninga for mye manuelt kontrollarbeid.

Bjerkreim Kommune meiner også at det bør vera mogleg å dela avløysartilskottet mellom foretaka ved virksomhetsoverdragelse. Dette gir smidigare virksomhetsoverdragelser, og det vil sannsynlegvis vera den som kommer inn i næringa som vil komme ut som den tapande part ved den føreslegne endringa. Om nødvendig bør dette flyttas ut av forskrifta og inn i jordbruksavtalen.

5 Andre endringar

Til punkt 5. 1 konsekvensar av for seint innlevert søknad.

Bjerkreim Kommune meiner at fristreguleringa bør haldast som i dagens forskrift. Dette vil korrespondere med anna regelverk, til dømes innlevering av mva. oppgåver i næringslivet. I tillegg vil søkjar, så lenge innleveringsfristen fell på ein vekedag, ha

moglegheit til å kontakta kommunen for veiledning i høve til regelverk eller tekniske problemar ved innlevering av søknaden elektronisk.

Konklusjon:

Bjerkreim Kommune er oppteken av fylgjande:

- **Forskrifta må vera enkel å forstå og forhalde seg til for bonden.**
- Forskrifta må vera enkel å handheva for forvaltninga med minst mogleg grad av skjønnsutøvelse.
- Regelen om at føretaket må ha tilknytting til ein landbrukseigedom må ikkje fjernast.
- Det må utarbeidas klare retningslinjer som styrer kva som er mogleg utan at ein kjem i ein driftsfellesskapssituasjon.
- Kravet til beiteveker i sone 1 – 4 bør reduseras frå 16 til 12 veker, slik at heile landet får like krav. Dette vil vera agronomisk og miljømessig fornuftig.
- Kalvingsintervallet for mjølke- og ammekyr bør aukast frå 15 til 18 månader.
- Oppretthalde regelen om skjematiske trekk for manglande gjødslingsplan og eller sprøytejournal.
- Ferie og fritidsavløysninga bør fortsatt ordnas som eit arbeidsgivarforhold eller kjøp av avløysartenester frå avløysarlag, og det må lagast ordningar som gir samdrifter rett på tilskott utan dokumentasjon slik som i dag.

•
Med hilsen

Gerd Siqveland Engelsgjerd
Jordbrukssjef

Svein Olav Tengesdal
fagkonsulent

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikke underskrift.